



PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Klepp	Møtenr.: 3-2011	Møtedato: 16. juni 2011	Utvalssaksnr.: 11/11 - 17/11
Innkalla: Hanne-Lill Steen Kristian K. Kleppe Arild Børge Skjæveland Reidar B. Thu Sigrid Lærdal (forlot møtet kl. 18.30)	Forfall: Ingen		
Andre: Ordfører Elfin Lea, Klepp kommune (forlot møtet kl. 17.30) Økonomisjef Viggo Johansen, Klepp kommune Daglig leder Wencke S. Olsen, RKS			

Møtet varte fra kl. 16:00 til kl. 19:15.

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

11/11 Godkjenning av protokoll frå møte 14.04.2011

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner protokollen frå møte i Klepp kontrollutval den 14. april 2011.

12/11 Rapport frå selskapskontroll i Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

1. Kommunestyret i Klepp tar den framlagde selskapskontrollen av Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS til etterretning.
2. Rapporten oversendes eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine konklusjonar og anbefalingar. Kontrollutvalet følgjer opp anbefalingane i forhold til styret og eigarane innan sommaren 2012.

13/11 Oppfølging av rapporten "85 tilrådingar om eigenkontroll i kommunane"

Økonomisjef Viggo Johansen orienterte på vegne av rådmannen om kommunens internkontroll.

Administrasjonen vil leggja fram ei tilbakemelding til kontrollutvalet på administrasjonen si oppfølging av rapporten om 85 tilrådingar på eit seinare møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med tillegg av avsnittet ovafor.

VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek rådmannen si orientering om foreløpig oppfølging av rapporten "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" til orientering.
- Administrasjonen vil leggja fram ei tilbakemelding til kontrollutvalet på administrasjonen si oppfølging av rapporten om 85 tilrådingar på eit seinare møte.

14/11 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2012

Kontrollutvalet vart gjort kjent med at det for ein del år sidan vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av PPT i Klepp kommune. Utvalet ønskjer å få lagt fram denne rapporten før ein bestemmer seg for kva prosjekt det skal leggjast fram utkast til mandat på.

Saka vert derfor utsett til neste møte.

VEDTAK:

- Saka vert utsett
- Kontrollutvalet ber om å få lagt fram tidlegare rapport frå PPT på neste møte

15/11 Rekneskap 1. tertial 2011 - kontrollutvalets budsjett

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar rekneskapsoversikta pr. 1. tertial 2011 for budsjett for kontroll og tilsyn til etterretning.

16/11 Statusoversikt pr. juni 2011

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr juni2011 til orientering.

17/11 Evaluering av kontrollutvalets arbeid i inneverande periode

Kontrollutvalet diskuterte erfaringane frå inneverande periode.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Sekretariatet samanfattar mottatte innspel, og legg fram eit referat til neste møte i kontrollutvalet.

MELDINGAR

3/11 Særutskrift av møtebok - Årsrapport og rekneskap 2010

4/11 Særutskrift av møtebok - Forvaltningsrevisjon - Prosjektstyring

Meldingssakene vart tatt til orientering.

EVENTUELT

Sigrid Lærdal la fram sak knytt til rett til einerom på sjukeheim.

Før kontrollutvalet diskuterte saka, vart det sett fram krav om å vurdere Sigrid Lærdal sin habilitet knytt til saka. Lærdal trådte frå ved denne avstemminga. Det vart med 3 mot 1 stemme (Kristian K. Kleppe) vedtatt at ho var habil.

Kontrollutvalet beslutta å avvente eventuell ytterlegare behandling av saka fram til klagesaka er behandla av Fylkesmannen. Saka vert tatt opp igjen på neste møte så sant denne uttalen ligg føre.

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet